

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	Hordaland fylkeskommune
Møtedato	18.11.2005
Kl.	0900 - 1230

Faste medlemmer til stades:

Nils R. Sandal (S og Fj – Sp)
Tor Bremer (S og Fj – A)
Mathias Råheim (S og Fj – H)
Hilde Kvamsås Aa (S og Fj – SV)
Odd Arild Kvaløy (R- Sp)
Ola Ingvaldstad (R- Frp.)
Klara Tveit (R – SV)
Torill Selsvold Nyborg (H – Krf.)
Tom-Christer Nilsen (H- H)
Gisle Handeland (H- A)
Mette Holmefjord Olsen (H – SV)
Terje Søviknes (H - Frp.) (**Terje Søviknes fekk permisjon og deltok ikkje ved handsaming av sakene 46/05, 47/05 og 48/95**)
Jon Aasen (M og R – A)
Olav Bratland (M og R – H)
Jan Magne Dahle (M og R – SV)
Inger Hanekamhaug (M og R – Frp)

Forfall til møtet:

Roald G. Bergsaker (R – H)
Liv Signe Navarsete (S og Fj – Sp)
Eirin Kristin Sund (R – A)
Anne Jorunn Hammerø Hatle (M og R – Sp)

Varamedlemmer til stades:

Knut M. Olsen (S og Fj - Sp)
Det møtte ikkje varamedlem Roald G. Bergsaker (R - H) Eirin Kristin Sund (R – A) og Anne Jorunn Hammerø Hatle (M og R – Sp)

Andre til stades:

Samferdselsdirektør Olav Brevik, Møre og Romsdal
Fylkesrådmann Liv Fredriksen, Rogaland
Fylkesrådmann Paul M. Nilsen, Hordaland
Fylkesrådmann Per Drageset, Sogn og Fjordane

Sekretariat for møtet:

Else Moen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Møtebok frå 30.09.05 vart godkjend utan merknader.

Meldingar - Vestlandsrådet 2005

Periode 22. april 2005 – 22.juni 2005-06-20

Nr.	Arkivsak	Referansetittel
41/05	05/00012	Møtereferat: Transportplan Vestlandet
42/05	05/00012	Notat frå styringsgruppa vedk. Transportplan Vestlandet
43/05	05/00078	Rv 63 Geirangervegen – Vinterstengd veg
44/05		CPMR Project "Europe of the Sea"
45/05	05/00063	Samarbeid om Samferdslekonferanse i 2006
46/05	05/00076	Førespurnad om deltaking av Kommunal- og regionalministeren på konferanse i regi av Vest-Norsk nettverk og Vestlandsrådet
47/05	05/00046	Møte med Samferdsledepartementet om rammevilkåra for Vestlandsforsøket
48/05		Brev får Hordaland fylkeskommune vedk. " Møte med den nye samferdselsministeren om transportpolitiske utfordringar i Hordaland og på Vestlandet
49/05	05/00421	Statsbudsjettet 2006
50/05	05/00417	Nye INTERREG – program 2007 – 2013 – deltaking frå norsk side.
51/05	05/00411	Nasjonal transportplan – fastsetting av hadlingsprogram for perioden 2006 - 2009.

SAK 45/05**Utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid?"****Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Vestlandsrådet har merka seg at høyringsrunden har gitt stor tilslutnad til eit folkevald regionalt forvaltningsnivå og til samarbeid på Vestlandet.
2. Rådet meiner likevel at høyringsfråsegnene ikkje gjev tilstrekkelig grunnlag for å arbeide vidare med regionspørsmålet i regi av Vestlandsrådet no. Det er mest naturleg at spørsmålet blir handsama som del av den regionreforma regjeringa Stoltenberg har varsla.
3. Vestlandsrådet har gjennom utgreiingsarbeidet og høyringa tileigna seg kunnskap og kompetanse som også bør vere av interesse på nasjonalt hald. Rådet vil difor ta kontakt med KRD og tilby aktiv medverknad i dette arbeidet.
4. Inntil vidare må det eksisterande samarbeidet i Vestlandsregionen vidareførast og styrkast

Endringsframlegg:**Representanten Odd Arild Kvaløy sette fram slikt framlegg til vedtak:**

- "1. Vestlandsrådet meiner at utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid" og høyringsuttalene er eit godt fundament for vidare arbeid med å utvikle sterke regionar.
2. Vestlandsrådet vil, med utgangspunkt i utgreiinga, og med å vise til Soria Moria-erklæringa til regjeringa om Lokal samfunn og regionalpolitikk, arbeide aktivt andsynes sentrale styresmakter med sikte på reell desentralisering av statlege oppgåver og myndigheit til nye sterke folkevalde regionar.
3. Vestlandsrådet legg til grunn at det ikkje lenger er grunnlag for å arbeide vidare med andre modellar som alternativ til sterke folkevalde regionar.
4. Fastsetting av geografiske grenser for nye regionar skal avklarast etter at Stortinget har handsama sak om desentralisering av statlege oppgåver.
5. Vestlandsrådet legg til grunn at nye sterke direkte folkevalde regionar skal vere etablert seinast innan 1. januar 2010.
6. Ut over prinsippet om at nye regionar skal vere direkte valde, vil Vestlandsrådet ta stilling til valordning, politisk og administrativ organisering i samband med fastsetting av geografiske grenser."

Representanten Gisle Handeland sette fram slikt framlegg til vedtak.

- "1. Vestlandsrådet har merka seg at høyringsrunden har gitt stor tilslutnad til eit folkevald regionalt forvaltningsnivå og til sterkare samarbeid og samhandling på Vestlandet. Rådet har og merka seg at høyringssvara ikkje er eintydige i høve til spørsmålet om sterkare samarbeid eller etablering av ein Vestlandsregion.
2. Rådet konstaterer at regjeringa Stoltenberg i Soria Moria-erklæringa har varsla ein regionreform som skal iverksetjast i 2010. Rådet og finn det derfor naturleg å arbeida

- vidare i høgt tempo med samarbeidsspørsmål og spørsmålet om etablering av ein Vestlandsregion.
3. Vestlandet har ein historisk sjanse til å påverka arbeidet med den komande regionreforma og til å leggja premisser for resultatet av reforma.
 4. Vestlandsrådet vil rå til at fylkestinga på Vestlandet går i spissen for ein regionreform for landsdelen ved alt no å føreslå samanslåing av fleire av dagens fylke og oppretting av eit felles, direkte folkevald regionting for ein ny Vestlandsregion.
 5. Fram til eit felles regionting er etablert innan 2010, vert Vestlandsrådet vidareført og vidareutvikla som eit samarbeidsorgan. Vestlandsrådet vil i tida framover medverka som aktiv samarbeidspartnar og premissleverandør i regjeringa og stortinget sitt arbeid med regionreform.”

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 6 røyster og var dermed forkasta.
11 røysta mot.

Framlegget frå representanten Gisle Handeland fekk 4 røyster og var dermed forkasta.
13 røysta mot.

Det vart røysta punktvis over framlegget frå representanten Odd Arild Kvaløy.
Punkta 1, 3 og 5 fekk 10 røyster og var dermed vedtekne.

7 røysta mot.

Punkt 2 fekk 11 røyster og var dermed vedteke.

6 røysta mot.

Punkt 4 fekk 8 røyster og var dermed forkasta.

9 røysta mot.

Punkt 6 fekk 4 røyster og var dermed forkasta.

13 røysta mot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet meiner at utgreiinga ”Vestlandsregion eller vidare samarbeid” og høyringsuttalene er eit godt fundament for vidare arbeid med å utvikle sterke regionar.
2. Vestlandsrådet vil, med utgangspunkt i utgreiinga, og med å vise til Soria Moria-erklæringa til regjeringa om Lokal samfunn og regionalpolitikk, arbeide aktivt andsynes sentrale styresmakter med sikte på reell desentralisering av statlege oppgåver og myndigheit til nye sterke folkevalde regionar.
3. Vestlandsrådet legg til grunn at det ikkje lenger er grunnlag for å arbeide vidare med andre modellar som alternativ til sterke folkevalde regionar.
4. Vestlandsrådet legg til grunn at nye sterke direkte folkevalde regionar skal vere etablert seinast innan 1. januar 2010.

SAK 46/05

Sekretariatsansvar 2006 for Vestlandsrådet

VEDTAK:

Rogaland fylkeskommune har leiarvervet for Vestlandsrådet i 2006

SAK 47/05

Møteplan 2006

VEDTAK:

Møteplanen for 2006 vert slik:

9.-10 . februar i Hordaland

8.-9. juni i Sogn og Fjordane

28.- 29. september i Møre og Romsdal

7.- 8. desember i Rogaland

SAK 48/05

CPMR og EU:Utforming av ein heilskapleg maritim politikk for Europa Vidare engasjement frå Vestlandsrådet

VEDTAK:

1. EU sitt arbeid med utforming av ein ny heilskapleg maritim politikk er av stor interesse og betydning for Vestlandet. Vestlandsrådet vil derfor engasjere seg i dette arbeidet.
2. Vestlandet sine interesser må i første omgang ivaretaast gjennom den representasjon og deltaking dei fire fylka har i CPMR og Nordsjøkommisjonen sine organ og aktivitetar.
3. Når EU legg fram sitt Green Paper om maritim politikk til varen, må dette drøftast i Vestlandsrådet, slik at ein kan spele inn forslag og krav gjennom Nordsjøkommisjonen og CPMR. For å oppnå størst muleg tyngde, kan det vere aktuelt å vurdere å samordne seg med Landsdelsutvalet for Nord Norge.